

## Vurdering av om planen vert omfatta av KU

Forskrift om konsekvensutgreiing, kap 2 omhandlar kva for planar og tiltak som er omfatta av Forskrifta.

Reguleringsplanforslag skal konsekvensutgreiast med planprogram eller melding etter § 6 når det fell inn under tiltak i vedlegg I:

I vedlegg I pkt. 24 står følgjande: *Næringsbygg, bygg for offentleg eller privat tenesteyting og bygg til allmennyttige formål med et bruksareal på meir enn 15 000 m<sup>2</sup> (mindre tiltak omfattes av vedlegg II nr. 11j).*

Tiltaket har ikkje eit BRA på meir enn 15 000 m<sup>2</sup>.

§7 i forskrifta, gjeld planar som ikkje skal behandlast etter plan- og bygningsloven.

Tiltaket skal behandlast etter plan- og bygningsloven.

Etter §8 skal det for tiltak i vedlegg II gjerast ei vurdering av om planen kan få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn, etter § 10. Planforslaget er i dette tilfellet vurdert å inngå i vedlegg II nr. 11j):

*Næringsbygg, herunder kjøpesentre som ikke inngår i pkt. 10 b, bygg for offentlig eller privat tjenesteyting og bygg til allmennyttige formål.*

**§ 10. Kriterier for vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn**  
*I vurderingen av om en plan eller et tiltak kan få vesentlige virkninger for miljø eller samfunn, skal det ses hen til egenskaper ved planen eller tiltaket, jf. annet ledd og planen eller tiltakets lokalisering og påvirkning på omgivelsene, jf. tredje ledd. Det skal også i nødvendig grad ses hen til egenskaper ved virkninger nevnt i fjerde ledd.*

*Egenskaper ved planen eller tiltaket omfatter:*

- a) *størrelse, planområde og utforming*
- b) *bruken av naturressurser, særlig arealer, jord, mineralressurser, vann og biologiske ressurser*
- c) *avfallsproduksjon og utslipp*
- d) *risiko for alvorlige ulykker og/eller katastrofer.*

*Vil planen kunne komme i konflikt med:*

Kriterium etter §10	Aktuelt	Ikke aktuelt	Merknad
a. Områder som er vernet etter naturmangfoldloven		x	Området er ikkje verna etter naturmangfoldlova
b. Kulturminner eller kulturmiljø som er fredet eller aktuelle for fredning		x	Ingen kjente kulturminne innanfor planområdet.
c. Nasjonalt viktige laksebestander		x	Det er ikkje registrert nasjonalt viktige laksebestandar i Ølsfjorden.
d. Forekomst av utvalgt eller truet naturtype/art	x		Det er førekomstar av sårbare artar i planområdet rundt de eksisterande bygningane som det må takast omsyn til. I Ølsfjorden er det registrert brisling og sild.
e. Naturområder som er særlig viktige for utøvelse av friluftsliv	x		Planområdet ligg innanfor 100-meters beltet.
f. Særlig verdifulle landskap, store sammenhengende naturområder, vernede vassdrag		x	Planområdet er ikkje registrert med slike verdier.
g. Samisk utmarksnæring		x	Området er ikkje nytta til samisk utmarksnæring.
h. Større omdisponering av landbruks-, natur- og friluftsområder	x		Det er landbruksareal og dyrka mark innanfor planområdet.
i. Vesentlig økt luftforurensning, støy, lukt, vannforurensing, grunn eller sedimenter		x	Utviding av skulen vil gi større kapasitet og mogleg auka bruksfrekvens, men er ikkje vurdert til å føre til vesentleg auka forureining.
j. Økt klimagassutslipp		x	Utvidinga av skulen vil auke aktiviteten, men er ikkje vurdert som ein kjelde til vesentlege klimagassutslipp.
k. Risiko for alvorlige ulykker, ras, skred, flom		x	Det er ingen openbare risikoelement i området, men det blir utarbeida ROS-analyse for å få ein betre oversikt over risiko- og sårbarheitsbiletet.
l. Konsekvenser for befolkningens helse		x	Tiltaket sin konsekvens for befolkninga si helse er vurdert som liten og positiv.
m. Miljømessig sårbarhet/naturens tålegrense		x	Planområdet er ikkje vurdert som eit spesielt sårbart naturmiljø.

n. Omfattende bruk av naturressurser /produksjon av avfall		x	Tiltaket vil ikkje føre til omfattande bruk av naturressursar, eller vesentleg auka produksjon av avfall.
o. Miljøvirkning i annen stat		x	Tiltaket vil ikkje føre til miljøverknadar for andre statar.
p. Vesentlege konsekvenser for befolkningens tilgjengelighet til uteområder, bygninger, tjenester		x	Området er allereie etablert som skule, og det vil ikkje bli stengt vegar o.l., så ei utviding vil ikkje føre til vesentlege konsekvensar for befolkninga si tilgjengelege til uteområde, bygningar eller tenester.
q. Statlige planretningslinjer		x	Tiltaket er ikkje i utgangspunktet i strid med statlege planretningslinjer.

Etter vår vurdering har planforslaget ein liten påverknad på dei kriteria som er lista opp. Planområdet er relativt stort, men i hovudsak allereie etablert som skuleområde. Skuledrift er ikkje vurdert som særleg skadeleg for natur og miljø, og utviding er ikkje vurdert til å komme i konflikt med dei verdiane som er i området. Det er noko dyrka mark innanfor planområdet som kan bli gjenstand for nedbygging, men dei samla konsekvensane er ikkje vurdert til å utløyse krav om konsekvensutgreiing.

Denne vurderinga er basert på skjønn grunna i omstenda rundt tiltaket som er kjend per no, og ei forståing av at dei nemnde verdiane skal føreligge i ein viss storleik eller av ein viss verdi / at det aktuelle tiltaket vil gi vesentlege endringar for desse forholda, før det utløyser krav om konsekvensutgreiing. Det er lagt til grunn at tema blir ivareteke ved ein ordinær planprosess.

Tiltaket vil ikkje få vesentlege verknadar for miljø eller samfunn.

**Tiltaket utløyser ikkje krav om konsekvensutgreiing (KU) etter forskrifta om konsekvensutgreiingar.**